



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar

Statsforvaltaren i Vestland sender på høyring eit framlegg om Dalsfjorden marine verneområde i medhald av naturmangfaldlova § 39. Forslaget om marint vern i Dalsfjorden er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Vi ønskjer innspel på høyringsframlegget.

Arbeidet er gjennomført etter naturmangfaldlova §§ 41 og 42 og forvaltingslova kapittel VII. I den nyleg framlagde stortingsmelding nr 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* er det presisert at marin verneplan frå 2004 skal halde fram. Av dei 36 kandidatområda som låg inne i marin verneplan frå 2004, er så langt 16 verna etter naturmangfaldlova og 3 beskytta etter havressurslova, noko som utgjør 1081 km², eller 0,7 % av territorialfarvatnet i landet. Det er eit mål at verneprosessar for alle resterande område i verneplanen frå 2004 skal vere starta opp innan 2024.

Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til 22.04.22.

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 18.04.17, som gav Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Dalsfjorden og Stad som marine verneområde. I brev av 03.11.17 sende vi oppstartsmelding for arbeidet med marint vern for Dalsfjorden og for Stad. Høyringa har vore til fagleg vurdering i Miljødirektoratet.

Vi arrangerte opne møte for Dalsfjorden 14.11.17 i Bygstad i Gaular kommune og 06.03.18 i Dale i Fjaler kommune, og hadde møte med kommunane den 05.06.19. Vi var på synfaring med Gaular kommune og grunneigarar 05.06.19, i tillegg til ei synfaring for å bli kjend i grunne område den 18.09.19.

Frå 01.01.19 gjekk Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i lag med Fylkesmannen i Hordaland og vart Fylkesmannen i Vestland. Frå 01.01.20 gjekk Gaular kommune inn i Sunnfjord kommune i lag med Naustdal, Førde og Jølster. Frå 01.01.21 vart Fylkesmannen i Vestland til Statsforvaltaren i Vestland.



Figur 1 Dalsfjorden er ein trong fjord med stor tilførsle av ferskvatn frå omkringliggjande areal. Med fleire undersjøiske tersklar utover fjorden blir det danna spesielle livsmiljø for marine artar. Til venstre i bildet ser ein det kjente landemerket Laukelandsfossen. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/Maria Knagenhjelm

Juridisk grunnlag

Marine verneområde vert oppretta i medhald av naturmangfaldlova § 39 i:

§ 39.(marine verneområder)

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter.

Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- c) representerer en bestemt type natur,*
- d) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- e) utgjør en spesiell geologisk forekomst,*
- f) har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller*
- g) har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.*

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.



Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksomhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.

Verneverdiar og verneføremål

Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Kandidatområdet omfattar areal i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar og er om lag 11,3 km² stort.

Gjennom mange istider har breane utforma Dalsfjorden. På botn av dei fleste fjordar finn ein tersklar som breane har lagt att. I Dalsfjorden er det fleire slike tersklar med ulikt artsmangfald innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område her i kandidatområdet. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.

Kandidatområdet er vesentleg redusert i høve til det første framlegget om Dalsfjorden som marint verneområde, då grensa var lagt lenger ut fjorden og arealet var kring 30km². Samstundes er området noko større enn eit framlegg som Rådgivende utvalg for marin verneplan kom med i ei førebels tilråding til Direktoratet for Naturforvaltning i 2003, om å trekkje grensa ved Grimeneset. Vi vurderer at den beste avgrensinga for det føreslegne verneområdet er på ein terskel, ikkje midt i eit basseng i fjorden. Slik vil det vere lettare å formidle kor grensa går, og det er ikkje tungtvegande naturfaglege årsaker til å trekke grensa midt i eit fjordbasseng. Ein sentral del av verneføremålet er dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og det er difor naturleg å leggje grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvasstilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fossedalselvi kjem med i verneområdet.

Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 meter, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fossedalselvi renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svædsundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m. Osen er allereie verna som naturreservat grunna den viktige funksjonen området har for våtmarksfugl, for undervassenger og plantesamfunn.


Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svædsundet (også kalt Svedsunet) er sølebotn. Svædsundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna langs fjordveggane. Både anemonar og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekomstar av begerkorall på 5-15 meters djupn. Både Gaularvassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern grenser til dei to



eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat. Delvis innanfor og delvis utanfor våtmarksreservatet ligg eit svært viktig blautbotnsområde i strandsona (NIVA 2017).

Dalsfjorden er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det vi kjenner til så langt i prosessen, ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag. Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekomstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde.

Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.



Figur 2: Korallnellik er eit nesledyr som trivst i straumrike område. Vanlegvis lever den djupare enn 50 meter under overflata, men i Dalsfjorden er den registrert opp til 10 meters djupne. Foto: Torgeir Kaarbø

Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve og ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn og inn mot eit nasjonalt verdfullt estuarområde med sjeldsynte pusleplanteartar, og samstundes eit stor tal fiskeartar. Dalsfjorden er difor også eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfald av marine artar.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.



Etter oppstartmeldinga fekk Rådgivende Biologer AS oppdrag å gjere undersøkingar i Dalsfjorden, både av naturmangfaldet generelt og særleg i grunne område. Disse to kartleggingane munna ut i ein generell rapport ([rapport nr 2766, Olsen og Eilertsen 2018](#)) og ein rapport om dei grunne områda ([rapport nr 2801, Haugsøen og Eilertsen 2019](#)). Disse ligg tilgjengeleg på våre heimesider.

Samandrag av dei biologiske kartleggingane:

Marint naturmangfald i Dalsfjorden er generelt artsfattig på hardbotn og blautbotn, med vanleg førekommande artar. I vassmassane vart det registrert ribbemanet på alle transekt og det vart observert ei mengd ulike fiskeartar, som blant anna blåstål, hågjel, torsk, pigghå, lange, piggskeite og flyndre. Sundneset og Svesundet, som er straumrike område, skilde seg frå dei andre undersøkte områda ved at det var rike og tette førekomstar av blant anna anemonar, begerkorall og blautkorall. Begerkorall vart registrert i tette ansamlingar på alle transekt ved Sundneset, Nistad, Bjørvikstranda og Svesundet frå om lag 36 til 9 m djupne. Det er sjeldan å sjå tette ansamlingar av denne arten og den opptre som regel djupare enn 20 m. Korallnellik, som var hyppig på bratte fjellveggar i straumrike område, opptre vanlegvis djupare enn 50 m, men i Dalsfjorden vart den registrert opp til 10 meters djupne. I dei grunnaste områda ned til 3 m som vart kartlagt var det stort sett tang og trådforma algar som vart registrert forutan enkelte individ eller små førekomstar med stortare eller sukkertare. Dei grunnaste områda er prega av ferskvasstilførsler med fråvær av tare, samt få artar av tang og andre algar. Førekomst av tare med middels til låg tettleik vart observert ved Sundneset frå 14 meter og opp til eit par meters djup, og ved Svesundet frå 5 meter og opp til eit par meters djup.

*På blautbotn vart det flekkvis registrert tette førekomstar av hydroiden *Corymorpha nutans* og sylindranemone. Utanfor utløpet til Gaula vart det registrert tett med sjøfjæra liten piperensar på blautbotn. Enkelte stader, særskild i Osen, inne ved utløpet til Gaula, låg det lite nedbrotne kadaver av fisk på sedimentbotnen. Pigghå, som er sterkt truga (EN) i høve til Norsk raudliste for artar, vart registrert med fleire individ ved Sundneset. Ingen viktige naturtypar etter DN handbok 19 vart avgrensa i foreslått verneområde. Sjølv utan viktige naturtypar og med få raudlista eller sjeldne artar er indre delar av Dalsfjorden likevel spesiell i høve til dei tette ansamlingane av begerkorall på fjellbotn og stadvis tette førekomstar av sylindranemone, sjønellik, dødmannshånd, liten piperensar og hydroiden *Corymorpha nutans* i delar av fjorden.*

Grunne område i Dalsfjorden hadde artsfattig marint naturmangfald i fjøresone og øvre sjøesone, noko som er typisk for ferskvasspåverka fjordar. Vanleg førekommande marin flora og fauna var blæretang, grisatang, grøndusk, langpigga kråkebolle, hjerteskel og korstroll. Innerst i Osbogen vart det ikkje registrert marine algar. For låg salinitet i øvre vassmassar trengjer vekk algevegetasjon og marin fauna.

Gjennomgåande for dei synfarte områda var mykje plantemateriale, som blant anna skuldast at arbeidet vart gjort på hausten. Muslingen vanleg sandskjel er ein raudlisteart i kategori VU (sårbar) og skjelrestar av arten vart funne fleire stader, blant anna i Standsnesviki, Koppstadvik, Sundsleira og Rekevika. Arten er vanskeleg å finne levande i felt då den lever djupt nedgraven i sedimentet. Skjelrestar sannsynleggjer imidlertid at arten førekjem i desse områda. Små areal av naturtypen blautbotnsområde i strandsona etter DN handbok 19 vart avgrensa i Standsnesviki og Sundsleira, og er vurdert som lokalt viktig grunna sannsynleg førekomst av vanleg sandskjel. (...) Tette førekomstar av begerkorall vart registrert ved Bjørsvika (område C), desse vart også observert i store og tette førekomstar i djupe område fleire stader med ROV i mai 2018 (Olsen & Eilertsen 2018).



Figur 3 Begerkorall er funne i tette bestandar ved Sundsneset, Nistad, Bjørvikstranda og Svædsundet. Det er sjeldan å sjå så tette førekomstar som her, og dei trivst høgare opp mot overflata i Dalsfjorden enn andre stader den er registrert. Foto: Torgeir Kaarbø

I Dalsfjorden er vernegrensa fleire stader trekt slik at marine gruntvassområde i fjøra vert inkludert. Grunne område i fjorden er svært viktige for den biologiske produksjonen og det marine artsmangfaldet. Her finst dei fleste artane, og i tillegg er gruntområde med tareskog og fjøresone viktige oppvekstområde for fisk. Dei grunne sandområda er tilhaldsstad for eit spesielt utval av artar som ofte finst der i store mengder, og er viktig næring for andre ledd i næringskjedene. Grunne område er viktige for å finne næring for ei rekke fugleartar, mellom anna vadefuglar på gjennomtrekk. For å ta vare på dei mest produktive delane av fjordsystemet er det derfor viktig at mange av gruntområda er med i verneområdet.

I ein nyleg publisert [rapport](#) frå Akvaplan NIVA AS, laga på oppdrag frå Sunnfjord kommune, kjem det fram at kjemisk tilstand er relativt god, men økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen i indre delar av Dalsfjorden. Heile rapporten kan ein finne på våre heimesider.

Verneforskrift og grenser

Ved oppretting av eit marint verneområde vert det utarbeidd ei verneforskrift (vedlegg 2) som seier kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar innanfor den geografiske avgrensinga. Eit marint vern vil ikkje leggje restriksjonar på ferdsel.



Oppretting av eit marint verneområde inneber mellom anna at det ikkje kan setjast i verk tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane, til dømes blir vegetasjon og dyreliv verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar blir også forbode.

Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av marine verneområde, og i all hovudsak vert ikkje private eigedommar påverka. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandlinja har eigedomsrett ut i sjøen til to meters djupne med middels låg vasstand (normal fjøre). Grensa mot land går difor langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for det meste av området unntatt der det marine verneområdet grensar til naturreservat på land, og der det er særleg verdifulle grunne område. Der blir landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 11,3 km². Det marine verneområdet vil omfatte følgjande gnr./bnr. i disse grunne områda:

259/3 i Askvoll kommune

52/1, 52/2, 53/1, 54/1, 55/1, 55/2, 56/1, 56/2, 56/3, 56/4, 56/5, 57/2, 57/5 i Fjaler kommune.

230/1, 230/2, 230/3, 230/4, 230/5, 231/1, 231/2, 231/3, 231/5, 232/1, 232/3, 232/4, 232/6, 233/3, 233/4, 233/5, 233/13, 229/1, 229/2, 229/3, 229/5, 229/8, 222/5, 222/8, 222/14, 195/1, 195/3, 195/6, 195/10, 195/11, 193/1, 187/1, 187/2, 187/4, 187/5, 187/6 i Sunnfjord kommune.

Verneforslaget blir sendt på høyring til grunneigarar i disse grunne områda innanfor vernegrensa. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen. Det vert også gjort unntak frå to-meters grensa der det er kommunal reguleringsplan i fjorden. Mot område med reguleringsplan vil grensa for det marine vernet følgje reguleringsplangrensa.

Det er i framlegget til verneforskrift teke inn opning for å søkje dispensasjon for tiltak på landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo), som t.d. mudring framfor naust og båttopprekk eller mindre uttak av sand til eige bruk for grunneigar. Sjå meir om dette i kapitlet om brukarinteresser.

Endringar sidan oppstarten av verneprosessen

Verneforskrifta har blitt endra sidan oppstarten. Den har fått tydelegare formuleringar og presiseringar på fleire punkt.

Alle eigedommar i indre delar av Dalsfjorden som har viktige naturverdiar er lista opp under første og andre ledd i § 2 om geografisk avgrensing. I tillegg er det ei tilføyning, i tredje ledd etter komma, *der også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.*

Vi har vore tydelege i verneprosessen på at det er viktige verneverdiar i dei grunne områda i indre delar av Dalsfjorden, og at disse naturverdiane bør være ein del av det marine verneområdet. Det er nytt i verneprosessen at eigedommane konkret er lista opp i forskrifta. Vi reknar med at det får små konsekvensar for dagens bruk, då det er opna for å t.d. kunne vedlikehalde kanalar til naust og søkje om mindre uttak av sand til eige bruk for grunneigarar. Vi håpar grunneigarane nyttar høyringa til å komme med sine innspel.

Eldre formuleringar, som at verneforskrifta med kart blir oppbevart i kommunen, hos Statsforvaltaren, er sletta fordi karta er digitalt tilgjengeleg for alle.



Under § 3 c har vi lagt til ei formulering (sjå det som er i kursiv) Området er verna mot tiltak som kan skade verneverdiane som t.d. (...) *utslepp av ureinsa ballastvatn*. Dette er i tråd med liknande formulering henta frå Miljødirektoratet si tilråding til vern av Lopp havet.

Formuleringa *Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstane ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet* er flytta opp til § 3 siste avsnitt frå § 4.

Under § 4 om generelle unntak frå vernereglane, er gjennomføring av tiltak i samband med *oljevern* lagt til i punkt a.

I § 4 d er endra frå formuleringa *Bruk av registrerte kaste- og låsesettingsplassar* til ny formulering *Tradisjonell låssetjing av fisk*. Vi legg til grunn at mellombels lagring av notfanga villfisk i små mengder og over korte tidsperiodar ikkje inneberer nemneverdig påverknad på sjøbotn og vassmassane.

Vi har stroke heimelen *Legging av sjøkablar til erstatning for eksisterande luftlinjer over området* i tråd med innspel frå Miljødirektoratet.

Formuleringa i § 5 l om *Fangstbasert akvakultur* er endra til *Akvakultur som ikkje er i strid med verneføremålet*. Punktet i § 5 m om *Levandelagring av fisk* er endra til *Levandelagring av villfanga fisk inntil 12 veker*. Dersom villfanga fisk blir lagra meir enn 12 veker blir det juridisk sett definert som akvakultur, som må bli handsama etter ein annan heimel (§ 5 l).

I § 5 h er det lagt til eit nytt punkt, jamfør innspel i oppstartsfasen, om at ein kan få løyve, dersom vilkåra for dispensasjon er til stades, til utslepp av reinsa kloakk i samsvar med andre lover og forskrifter.

Vernekartet er gjort meir detaljert. På [Fylkesatlas](#) finn ein det digitale kartet og det er lett å forstørre detaljar. Vedlegg 1 syner vernekartet med detaljar der kandidatområdet grensar til reguleringsplanar i sjø og for større område med grunne areal.

Planstatus for Askvoll

Gjeldande arealdel for Askvoll kommune vart godkjent i 2014. Kommunen held på med revisjon av arealdelen til kommuneplanen, og tar sikte på å sende den til høyring i løpet av 2022. Kommuneplanen frå 2014 gjeld inntil vedtak av ny plan.



Figur 4 Arealdelen for kommuneplanen til Askvoll kommune vart godkjent i 2014, og kommunen er i prosess med revisjon av denne.

Sjøarealet for Askvoll kommune er, frå Nishammaren og inn til kommunegrensa til Sunnfjord, sett av til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, ferdsel på sjø og småbåtlei (stipla linje) i kommuneplanen. Omsynssonen omfattar område som er gjevne status som nasjonal laksefjord i medhald av lov om laksefisk og innlandsfisk mv. §7a. Føresegnene for laksefjordar gjeld.

Området grensar til ein godkjent reguleringsplan (2008) ved Dalsfjordbrua. Arealet her er sett av til parkeringsplass og jord- og skogbruk.


Omsynssone H740_8 Nasjonal laksefjord femnar areal inn langs store delar av Dalsfjorden.

Planstatus for Fjaler

Gjeldande samfunnsdel for Fjaler kommune vart godkjent i 2014. Kommunen held på med revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Planen har vore ute til offentleg ettersyn to gonger. Kommunen jobbar med eit utkast med sikte på eit tredje offentleg ettersyn. Kommuneplanen gjeld inntil vedtak av ny plan.

Verneområdet grensar til to gjeldande reguleringsplanar. Kvamen, delar av gnr. 58, bnr. 1 og 2 (godkjent 2018), er ein tømmerkai der vernegrensa er trekt utanom reguleringsplangrensa.

Fylkesveg 57 Strandanes-Nistadlia vart godkjent i 2020, der avgrensinga av reguleringsplanen grensar til sjøareal i Grøvlevika og ved Nistadlia. Areal er sett av til mellombels byggje- og anleggsområde (føresegnsområde) i reguleringsplanen. Det blir LNF -område etter anleggsperioden ved Grøvlevika, i tillegg til bruk og vern av sjø og vassdrag (sjå figur 5). Meir omtale av gjeldande planar ligg i vedlegg 3. Det er gått tid sidan oppstarten, og vi håpar kommunen vil nytte høyringa til å komme med innspel.




Figur 5 Areal avsett i reguleringsplan for Fv 57 Strandanes – Nistadlia, der det skraverte området er avsett til bygginge og anleggsområde under utbygginga, og vert ført tilbake til LNF-område etter at vegoppgraderinga er ferdig.

Planstatus for Sunnfjord

Framlegg til samla samfunnsdel for dei fire kommunane som slo seg saman til Sunnfjord kommune 01.01.2020 låg ute til høyring med merknadsfrist 14.11.2021. Kommunen tek sikte på å starte opp arbeidet med ein samla arealdel for den nye kommunen når samfunnsdelen er godkjent. Gjeldande arealdelar i dei fire opphavslege kommunane er godkjende i tidsrommet 2001-2019. Arealdelen til tidlegare Gaular kommune er frå 2001, og gjeld fram til vedtak av ny samla arealdel for Sunnfjord kommune.

Verneområdet grensar til fire gjeldande reguleringsplanar i Sunnfjord; Standnes, Laukeland, Sveen industriområde og Laukeland. Standnes vart godkjent i 2006, og vernegrensa er trekt utanom reguleringsplangrensa. Reguleringsplanen opnar ikkje for fleire tiltak i sjø utover det som alt er utført. Restsjøarealet er i heilskap sett av til friluftsområde. Laukeland vart godkjent i 2011 (sør for Skoratunellen, vest for Sundsleira). Avgrensinga av reguleringsplanen grensar til sjøareal. Arealet sør for gang- og sykkelvegen er sett av til annan veggrunn med omsynssone bevaring av naturmiljø. For Sveen industriområde (godkjent 1981) og Eidevika (godkjent 2008) er vernegrensa også trekt utanom reguleringsplangrensa.

Differensiert forvaltningsplan for Gaularvassdraget frå 1996 gjeld for den austlegaste delen av verneområdet (sjå figur 6).



Figur 6 Differensiert forvaltningsplan for Gauravassdraget frå 1996 (til venstre) og vernegrensa for Osen naturreservat til høgre. Konsekvensar av vernet

Brukarinteresser

Konsekvensar av vernet

Forslag til restriksjonsnivå kjem fram av framlegget til verneforskrift som ligg vedlagt. Det er føremålet med vernet som blir førande dersom det kjem søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta.

Vi ser små konsekvensar av eit marint vern i Dalsfjorden ut i frå kunnskapen vi har i dag om bruken av området og planane som ligg føre for framtida. Fordi det er mange grunneigarar som vil få privat eigedom inkludert i det marine verneområdet har vi lagt til rette, i vernereglane, for at det ikkje skal få så store konsekvensar for den enkelte. Vi treng innspel i høyringa på om det er aktivt fiske til dømes rekeetråling, i Dalsfjorden.

Dersom det framleis foregår dumping av glykolhaldig snø frå flyplassen på Bringeland, vil denne aktiviteten være forbode ut i frå framlegget til verneforskrift. Vi ventar å få meir kunnskap om dette gjennom høyringa.

Nedanfor er ei tematisk oppsummering av brukarinteressene, både dagens bruk og planlagt bruk, i kandidatområdet. Høyringsperioden vil kunne få fram fleire interesser som SFVL til no ikkje har fanga opp.

Friluftsliv og reiseliv

Dalsfjorden blir marknadsført som ein fin destinasjon for båtturar, fiske og kajakkpadling, og det er ein populær plass å drive med friluftsliv. Dalsfjorden er mykje reinare no enn før, og folk badar i indre delar. Det er mindre ureining frå landbruk, og det renn mindre kloakk i fjorden. Friluftsliv og ferdsel kan fortsetje som før, heilt uavhengig av eit marint vern. Det blir ikkje lagt opp til restriksjonar på fritidsfiske, verken frå land eller frå båt. Det vil heller ikkje bli restriksjonar på ferdsel med båt. Verneforskrifta opnar for fortøying av småbåt, og anlegg av fastfortøying, dragfortøying og oppankring mot land. Fortøyingsmiddel på faste fortøyingar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lover og forskrifter vil vere lov.



Dalsfjorden er kjent for å ha mange artar som er attraktive for sportsfiskarar, og til dømes vart landets største rødspette teke på stang utanfor Bygstad. Det er tre bedrifter som leiger ut båtar i Dalsfjorden til turistar som vil fiske. Det er lagt opp til fleire opningar for å kunne søkje om dispensasjon, som til dømes tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt. Verneforskrifta opnar opp for dispensasjon frå vernereglane for tilretteleggingstiltak for friluftsliv. Her må forvaltningsstyresmakta vurdere kvar søknad konkret og sjå om vilkåra for dispensasjon er oppfylt. Vi har ikkje kjennskap til konkrete planar om tilretteleggingstiltak for friluftsliv.



Figur 7 Dalsfjorden er ein attraktiv destinasjon for fisketurisme. Også lokalbefolkninga brukar fjorden til matauk og rekreasjon. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/Tom Dybwad.

Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernområde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevingar der. Eit marint verneområde kan ha ein positiv effekt for reiselivet rundt Dalsfjorden.

Fiske


Vi har ikkje registrert at det går føre seg taretråling i Dalsfjorden i dag, og vi gjer framlegg om at taretråling blir forbode i heile kandidatområdet for marint vern. Eit tråleforbod vil ikkje påverke dagens bruk.

Det er mange aktive fritidsfiskarar i området, både fastbuande og tilreisande, og tre verksemdar som driv med utleige av båt til slik bruk. Fiske med passive reiskap (snøre, teine, ruse, garn, line) vil vanlegvis ikkje ha negative konsekvensar for verneverdiane, og kan halde fram. Om det er særleg sårbare delar av området kor det er førekomstar av til dømes korallar som kan ta skade av fiske med garn, kan ein ha strengare restriksjonar der. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet (§ 3 i verneforskrifta).

Frå Nishammaren og inn forbi Grimeneset i kandidatområdet er det registrert område for rekefiske (figur 7). Vi har ikkje kunnskap som tilseier kor mykje feltet er i aktiv bruk i dag. I oppstartsfasen fekk vi innspel både frå Sogn og Fjordane Fiskarlag og Hafs Fiskarlag, som er positive til vern i Dalsfjorden




då det skulle være unntak for passive og aktive fiskereiskap inkl. snurrevad, reke-tråling og brislingfiske med not. Reke-tråling er ein form for botn-tråling, og går føre seg relativt djupt. Det er forbod mot tråling grunnare enn 100 meter på Vestlandet. Ut i frå data innhenta av Havforskningsinstituttet er truleg lite reker i Dalsfjorden. Resultat frå ei [kartlegging av botnfisk og reker på rekefelt i utvalde vestlandsfjorðar \(toktnummer 2021854\) i 2021](#) synte halet nord for Dalsøyna ingen djupvassreker i fangsten, men mykje lysprikkfisk. Fiskeridirektoratet skriv at det er lite kommersielle fiskeriinteresser som elles vil bli hindra av verneframlegget utanom eit reke-trålfelt inn i Dalsfjorden til Grimeneset, og hadde difor ingen merknadar til oppstartsmeldinga.



Figur 8 Lilla skravour syner kartavgrensinga til eit framtidig marint verneområde, og rosa skravour syner det registrerte reke-trålingsfeltet i Dalsfjorden. Reke-tråling foregår på djupner lågare enn 100 meter under overflata.

Fiskarar frå Hyllestad, Solund og Askvoll er registrerte brukarar av området til garnfiske for artane lyr, hyse og lysing, jamfør fiskeridata frå 2018. Fiske etter pelagiske artar med not og trål i dei frie vassmassane vert vurdert til å ha liten effekt på verneverdiane. Hausting av naturlege fiskebestandar på ein berekraftig måte vil ikkje bli forbode gjennom vern. Bruk av snurrevad påverkar ikkje sjøbotnen og vil vere tillate.



Figur 9 Registrert gyteområde for torsk er markert med grå skravur.

Torsken har gyteområde innanfor Korsneset (figur 9). Vi har ingen informasjon som tilseier at det er andre fiskereiskap i bruk i kandidatområdet som nyttar reiskap som påverkar botn.

Bruk av registrerte kaste- og låsettingsplassar vil være lov i Dalsfjorden marine verneområde. Det er registrerte lokalitetar for låsetting av fisk både i Sagevik og utanfor Strandaneset. Dei blir brukt til oppbevaring for både makrell og sild. Vi legg til grunn at mellombels lagring av notfanga villfisk i små mengder og over korte tidsperiodar ikkje inneberer nemneverdig påverknad på sjøbotn og vassmassane.

Kulturminne

Vi har ikkje fanga opp kartfesta kulturminne innanfor grensene til kandidatområdet. Bergen sjøfartsmuseum skriv til oppstartsmeldinga at det kjenner til marine kulturminne innanfor dei føreslegne grensene til kandidatområdet i Dalsfjorden, og museet stiller seg positiv til forslaget om marine verneområde og effektane eit vern kan ha på dei marine natur- og kulturmiljø i området.

Tekniske installasjonar

Det er ikkje mange tekniske installasjonar i kandidatområdet for marint vern i Dalsfjorden. Vi har trekt vernegrensa utanom reguleringsplanområde av omsyn til aktiviteten som går føre der i dag og i framtida. Dette har vi gjort i tråd med innspel frå og dialog med kommunane.

Det er tre kraftlinjer som kryssar fjorden med luftspenn. Vest i kandidatområdet kryssar linja 66 KV HÅLANDSFOSSEN – FOSSEDAL (eigd av BKK) og S 66 HÅLANDSFOSSEN-RIVEDAL (eigd av Sunnfjord Energi) i same fjordspenn. Ved Nistad kryssar L26 LAUKELAND (eigd av Sunnfjord Energi) fjorden og ved Kapstad kryssar L26 FAUSKE – SAGEVIK (eigd av Sunnfjord Energi) fjorden. Det marine vernet vil ikkje påverke disse kraftkablane i fjordspennet.



Lengst vest i kandidatområdet ligg to/tre sjøkablar (51136T2 JARL, 51013 FURSETHMYR og 51136T3 OTTERSTEIN) eigd av Sunnfjord Energi. Generelt vil det vere opning for at eksisterande anlegg og innretningar skal få naudsynt vedlikehald, og det er ikkje lagt opp til restriksjonar på drift og vedlikehald av disse. Vernereglane er heller ikkje til hinder for oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.

Det er spelt inn ønskje, i samband med kommuneplanen, om å kunne byggje bru over Svædsundet for m.a. å kunne korte ned køyretida mellom nordsida og sørsida av fjorden. Svædsundet har rike og tette førekomstar av blant anna anemonar og blautkorall. Det vil ikkje komme i konflikt med naturmangfaldet å etablere ei eventuell framtidig bru over sundet med eit luftspenn over fjorden. Med den kraftige opphopinga av organisk materiale i fjorden jf. rapporten frå Akvaplan-niva AS i 2021, vil truleg ei brupåle heller ikkje vere positivt for omrøyinga i vassmassane. Dersom det kjem brupåle-teknologi i framtida som ikkje påverkar naturmangfaldet eller graden av vassutskifting i fjorden nemneverdig, kan forvaltningsmyndet eventuelt ta opp til vurdering ein dispensasjon etter § 48 i naturmangfaldlova dersom vilkåra er til stades.

Det er konkrete planar om å utbetre Fv 57 på sørsida av Dalsfjorden. Vegen skal mellom anna leggjast høgare opp i terrenget og få gul midtstripe. Eit marint vern i Dalsfjorden vil ikkje hindre utbetring av Fv 57, og det er regulert areal på land for å deponere massar i anleggsfasen. Det er opning i forskrifta for å gje dispensasjon til tiltak, dersom vilkåra er til stades, i samband med oppgradering av Fv 57 langs Dalsfjorden.

Tiltak i samband med utviding av den eksisterande tømmerkaia i Kvamen ligg også inne som ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Både heimelen for Fv 57 og for tømmerkaia kan nyttast ved tiltak eller behov som vi ikkje på det noverande tidspunkt har fanga opp, og som går utanfor reguleringsplangrensa. Verneføremålet blir tillagt stor vekt i alle saker om dispensasjon.

Det er ein navigasjonsinstallasjon på Halsnes og ein stake på eit skjær utanfor Heimtunet (figur 10). Verneforskrifta opnar opp for å gje dispensasjon til oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak for å trygge ferdsla til sjøs.



Figur 10 Navigasjonsinstallasjon på Halsnes og stake på eit skjær utanfor Heimtunet er registrerte farleitiltak i kandidatområdet. Disse vil kunne bli vedlikehalde, og forskrifta opnar for dispensasjon ved behov for fleire for å trygge ferdsla til sjøs.



Det marine kandidatområdet Dalsfjorden er foreslått verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøring av vassmassar og oppankring.

Langtidsoppankring av båtar og skip som vil trenge installasjonar på fjordbotn vil i utgangspunktet ikkje vere lov i forskrifta.

Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold kan ein søkje dispensasjon til for å gjennomføre. Forskrifta opnar også for å søkje om dispensasjon til etablering av småbåthamner, medrekna flytebyggjer og fortøyningar. Då vil forvaltningsmyndet kunne vurdere om vilkåra for å gje løyve er til stades. Både kommunar og enkeltpersonar har teke opp dette temaet i oppstartsfasen av verneprosessen. Større bryggjeanlegg er det i utgangspunktet ikkje opna for.

Mudring, bruk og deponering av massar

Frå oppstartsfasen og frå synfaringar veit vi at grunneigarar med grunne område i fjorden nyttar areala sine på ulikt vis. Det kan til dømes være uttak av små mengder sand for å strø på gardsplassen når det er is eller vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust.

Det er ikkje registrert regionale eller nasjonalt viktige mineralressursar i direkte tilknytning til det føreslegte verneområdet. Direktoratet for mineralforvaltning melder at det ikkje har innvendingar til oppstartsmeldinga eller vernereglane.

Det er overflata, vassøyla og sjøbotn er omfatta av eit marint vern i Dalsfjorden. Uttak og deponering av masser vil i utgangspunktet vere forbode etter forslaget til verneforskrift. Dette gjeld til dømes uttak av mudder, skjelsand, sand og grus. Verneforskrifta § 2 listar opp gards- og bruksnummer som er foreslått inkludert i det marine verneområdet grunna verdifulle areal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo). Verneforskrifta opnar opp for å gje dispensasjon til grunneigarar som søker om mindre uttak av sand til eige bruk (§ 5 j) og slike løyve kan til dømes bli gitt for ein fireårsperiode. Slike retningslinjer kan ein komme tilbake til i utarbeidinga av ein forvaltningsplan. I spørsmålet om mudring framfor naust, bryggjer og båttopptrekk vil dette være opna for å vedlikehalde slike kanalar utan å måtte søkje om løyve (§ 4 k). Dersom slike skal utvidast eller ein på anna vis ønskjer å få utført meir enn vanleg vedlikehald kan grunneigar/rettshavar søkje om løyve til det (§ 5 g).

Deponering av massar frå land og inn i det marine området vil være forbode etter verneforskrifta, og vi har ikkje avdekt om det går føre seg dumping av jord, stein eller tilsvarende landmassar ut i fjorden i dag. Om det blir tilført massar til sjøbotnen kan dette føre til endra botnforhold og nedslamming, slik at botnfauna over eit større område i fjordbassenget blir påverka. Det er difor forbod mot dette i framlegget til verneforskrift. Vi vil gjerne ha innspel i høyringa på om det går føre seg dumping eller deponering av massar inn i kandidatområdet, eller om det er konkrete planar om dette i framtida.

I høyringsinnspelet frå Gaular kommune er det nemnt avrenning og handsaming av snø frå flyplassen på Bringeland. Det vart, på tidspunktet innspelet vart sendt, frakta glykolhaldig snø frå flyplassen til dumping i Dalsfjorden. Sjølv om glykol blir nedbrote relativt raskt, vil det likevel representere auka næringstilførsle til ei fjord som Dalsfjorden. I framlegget til verneforskrift vil dumping av glykolhaldig snø eller smeltevatn være forbode. Høyringa må få fram om det framleis



vert dumpa glykolhaldig snø/smeltevatn frå flyplassen på Bringeland og ut i Dalsfjorden, eller om det er utvikla andre metodar for å handsame denne ureininga.

Rørleidningar og kablar

Vi kjenner til at det er to-tre sjøkablar for straum innanfor kandidatområdet i nordvest, sjå omtale av disse under avsnittet om tekniske installasjonar. Utlegging av nye rørleidningar og kablar i sjø vil vere forbode. Forvaltningsstyresmakta kan vurdere dispensasjon til legging av kablar og rørleidningar, så langt mogleg samla i korridorar. Vurderingar av kvar det eventuelt vil gje minst mogeleg påverknad på naturmangfaldet og kvar det er behov for å t.d. føre fram fibertilgang til nye grender, kan ein komme inn på i arbeidet med ein forvaltningsplan.

Utlegging av nye leidningar for utslepp av reinska kloakk etter gjeldande forureiningsregelverk er det opna for å gje dispensasjon til. Statsforvaltaren vil vurdere disse når konkrete søknadar ligg føre, og vil kunne vurdere eventuelle trasear der verknaden av eventuelle tiltak blir minst mogeleg på naturmangfaldet. Utlegging av varmpumpeleidningar må også ha løyve etter verneforskrifta.

Kraftlinjer som kryssar i lufta over Dalsfjorden vert ikkje påverka av eit marint vern i området. Verneforskrifta inneheld ein dispensasjonsheimel for legging av nye kablar.

Akvakultur og andre konsesjonspliktige tiltak

Eksisterande akvakulturanlegg, skjelanlegg og konsesjonar vil ikkje få restriksjonar av vernet. Ariel Seafood AS har to lokalitetar i kandidatområdet med kommersiell blåskjeldyrking til konsum. Ved Kvamen (lokalitetsnummer 13501 i akvakulturregisteret) er det ein produksjonskapasitet på 40 DA jf. siste vedtak i saka frå 26.06.2001.



Figur 11 Blåskjelanlegget i Kvamen har ein produksjonskapasitet på 40 DA. Gjelet (lokalitetsnummer 19476 i akvakulturregisteret) har ein kapasitet på 30 DA jamfør siste vedtak datert den 16.05.2003.



Figur 12 Gjelet har ein produksjonskapasitet av blåskjel på 30 DA.

Ved utviding og fornying av konsesjonar kan det etter søknad gis dispensasjon, dersom vilkåra for løyve er til stades. Det vert då stilt krav om at akvakulturaktiviteten ikkje er i strid med verneformålet og ein må rekne med at det vil bli stilt krav til minimal påverknad på naturmiljøet og at dei mest miljøforsvarlege driftsmetodane blir brukte.

Det er ønskeleg å halde området mest mogleg upåverka av havbeite, men vi har ikkje registrert at det er aktivitet knytt til havbeite per dags dato. I verneforskrifta heiter det at *Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.*

Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og andre lover og forskrifter er lov, med unntak for hausting av skjel og hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.

Kandidatområdet inngår i eit forvaltningsområde for sel.



Figur 13 Det er fleire verdifulle grunne område i Dalsfjorden som er viktige for artar som treng mykje lysinnstråling, blaute sedimenter og ein god blanding av brakkvatn og tilførsle av ferskvatn. Her ser vi Kapstadvika. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Tom Dybwad.

Generelt om verknader av vernet

Ved etablering av nye verneområde i dag er det vanleg at pågåande, lovlege aktivitetar kan fortsette, også etter vedtak i statsråd. Eit vern har til hensikt å ta vare på området og unngå store inngrep som utfylling, boring eller nye, tekniske installasjonar. For enkelte aktivitetar vil marint vern innebære restriksjonar slik at naturverdiane får auka beskyttelse.

For dei fleste som nyttar Dalsfjorden i dag vil vernet få lita eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdselsrestriksjonar. Normal friluftaktivitet vil ikkje være i strid med verneføremålet, der fritidsfiske og ferdsle med båt vil kunne fortsetje uavhengig av eit vern eller ikkje.

Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar som til dømes røyrleidningar, bryggjer og kanalar til naust vil være lov. Tiltak ut over vanleg vedlikehald vil i utgangspunktet ikkje være lov. Det er i forskrifta § 5 teke inn ei rekkje heimlar for å søkje om dispensasjon. Gjennom handsaming av ein søknad vil verneområdeforvaltinga sikre at miljøomsyn vert lagt til grunn i vurderinga av om løyve vil bli gitt. Til dømes kan det bli sett vilkår om tidspunkt på året for gjennomføring. Vilkår knytt til eksempelvis kanalisering av kablar og leidningar til traséar utanom viktige naturførekomstar kan også bli sett.

Verneforskrifta legg ikkje opp til regulering av fisket slik det går føre seg i dag, dette er allereie regulert gjennom havressurslova og lakse- og innlandsfisklova. Om vern vil medføre konsekvensar for eventuell framtidig akvakultur, vil avhenge av konkrete vurderingar av om slik aktivitet er i tråd med verneføremålet.



Verneforskrifta vil gjelde parallelt med anna regelverk, og ein søknad vil ofte måtte handsama etter fleire lovverk. Dersom det er motstrid mellom fleire regelverk vil verneforskrifta alltid gå føre anna lovverk. Søknadar vil som hovudregel først bli handsama etter verneforskrifta.

Vi legg opp til utarbeiding av forvaltningsplan med definerte bevaringsmål som grunnlag for å overvake tilstanden i Dalsfjorden marine verneområde. Ein forvaltningsplan vil også utdjupe verneforskrifta og gi retningslinjer for brukarinteressene.

Vern er i hovudsak eit verkemiddel for å verne natur mot menneskeleg påverknad, men mange verneområde inngår også som eit positivt element i lokal identitetsskaping og marknadsføring av lokal næring. Vi erfarer at lokalbefolkninga har eit nært forhold til fjorden og til mangfaldet av fisk som har vore viktig for matauk og rekreasjon. Dette vil være av dei varige, positive verknadane av oppretting av eit marint vern i Dalsfjorden.

Ut i frå kunnskapen vi har i dag, vil dei negative verknadane av eit marint verneområde være få. Enkelte grunneigarar vil måtte søkje om å ta opp sand for å strø gardsplassen sin, men elles vurderer vil at konsekvensane er små. Ei eventuell bru over Svædsundet vil i framtida måtte planleggjast utan brupåle på sjøbotn. Dumping av eventuelle ureina snømassar vil være forbode etter verneforskrifta. Kommunane har jobba for å forbetre miljøtilstanden i Dalsfjorden, og vi meiner at eit marint vern vil kunne bidra til å løfte dette arbeidet ytterlegare.

Statsforvaltaren meiner så langt i prosessen at dei positive sidene av eit marint vern i Dalsfjorden vil vege tyngre for natur og samfunn enn dei negative sidene, men vil gjere ei grundig vurdering av alle innspela vi får i høyringa før vi tilrår saka vidare.

Planområdet for marint vern er ikkje så stort at det utløyser krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova.

Møte og synfaringar

Fylkesmannen hadde følgjande møte og synfaringar i samband med oppstarten av verneplanarbeidet i Dalsfjorden:

1. 14.11.2017 - Ope møte (folkemøte)
2. 06.03.2018 - Ope møte (folkemøte)
3. 04.06.2019 – Møte og synfaring med grunneigarar i utvalde grunne område
4. 05.06.2019 – Møte med Askvoll, Fjaler og Gaular kommune
5. 18.09.2019 – Synfaring i Dalsfjorden med kjentmann frå Gaular kommune

For oppsummering av innspel til oppstartsfasen, møte og synfaringar sjå vedlegg 3. Både innspel, møte og synfaringar ligg som viktig grunnlag for høyringsdokumentet. I ettertid av møte og synfaringar er det gjort ytterlegare vurderingar og presiseringar, med ei konkretisering som har resultert i framlegget til verneregjar (vedlegg 2).

Oppsummering

Statsforvaltaren har teke omsyn til innspela til oppstartmeldinga så langt det har late seg gjere, dvs. utan at det går ut over verneformål og retningslinjer for marint vern i Noreg.



Etter innspel har vi teke inn heimlar i forskrifta for utslepp av reinska kloakk (i samsvar med gjeldande lovverk) frå eksisterande røyrleidningar og ei opning for å søkje om dispensasjon til nye røyrleidningar til same føremål. Vi har teke omsyn til vedtekne reguleringsplanar i sjø, og opna for å søkje om løyve til tiltak i samband med utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen og tiltak i samband med oppgradering av Fv 57. For å ta omsyn til eksisterande bruk er det generelt opna for at drift og vedlikehald av eksisterande infrastruktur og anlegg kan halde fram utan søknadsprosedyre. For grunneigarar i grunne område er det også viktig å ha opning for å søkje om dispensasjon for uttak av mindre mengde sand til eige bruk og mudring framfor naust og båtopptrekk. Avgrensing av områda og privat eigedom

Avgrensinga inn mot land varierer avhengig av om arealet allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande naturreservat som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert, og slik at vern etter naturvernlova vert samanhengande. Elles føreslår vi at grensa blir trekt utanfor privat grunn langs djupnekote 2 meter under sjøkartnull for heile området unntatt indre delar av Dalsfjorden, der også landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert. I disse grunne områda med store verneverdiar, får grunneigarar eige brev om verneframlegget.

Erstatning

Etter naturmangfaldlova § 50 har eigar eller rettshavar i område som vert verna som naturreservat rett til erstatning for økonomiske tap når vernet gjer noverande bruk vanskeleg. Sidan marint vern i hovudsak vil gjelde utanfor privat grunn vil dette gjelde få grunneigarar. Dei som har sitt gards- og bruksnummer lista opp i verneframlegget bør vurdere om dette er relevant. Naturmangfaldlova § 50 om erstatning lyder som følgjer:

§ 50 (erstatning til eiere og rettighetshavere i verneområder)

En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.

Når vilkårene etter første ledd er oppfylt, fastsettes erstatningen for tap i igangværende bruk i samsvar med utmålingsreglene i [lov 6. april 1984 nr. 17](#) om vederlag ved oreigning av fast eigedom (ekspropriasjonserstatningslova). Ved anvendelsen av nevnte lov [§ 10](#) er det tidspunktet for vernevedtaket som skal legges til grunn.

Kongen fastsetter ved forskrift hva som regnes som igangværende bruk for virksomhet i henhold til

- a. utvinningstillatelse etter [lov 29. november 1996 nr. 72](#) om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven),*
- b. utmål etter [lov 30. juni 1972 nr. 70](#) om bergverk (bergverksloven),*
- c. [mineralloven](#).*

Namn

Namn på verneområdet er ein del av verneplanprosessen med høve til å kome med innspel og framlegg. Det mest aktuelle namnet er etter vårt syn *Dalsfjorden marine verneområde*. Statens



namnekonsulent kan også ha tungtvegande merknader om namnet. Det kom ingen merknader om namnet etter oppstartsmeldinga.

Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt for verneområde. Vanlegvis vil marine verneområde som strekk seg over fleire kommunegrenser bli tillagt Statsforvaltaren som forvaltningsstyresmakt. Kommunane kan komme med innspel på forvaltningsregime under høyringa.

Vidare saksgang og prosess

Etter høyringa vil Statsforvaltaren vurdere alle innkomne innspel og på bakgrunn av dette utarbeide ei tilråding for vern som vi sender til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet si endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet, som kan fremje vedtak om oppretting av verneområdet for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Statsforvaltaren i ettertid utarbeide forvaltningsplan. Forvaltningsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltninga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli eigne høyringsprosessar for forvaltningsplanen.

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokument vert sendt til aktuelle grunneigarar, offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Høyringa vert også kunngjort i lokale aviser. Vi tek atterhald om at det kan være feil i adresselistene, og ber om innspel om manglar. Meir informasjon om arbeidet på marint vern finn de på heimesida til Statsforvaltaren i Vestland, under [Miljø og klima](#).

Vi er opne for å orientere om saka til kommunane om det er ønskje om det. Vi ser det som aktuelt i tillegg til å halde opne informasjonsmøte i løpet av høyringa av framlegget i samarbeid med kommunane.

Innspel

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Fråsegn kan sendast til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller til sfvlpost@statsforvalteren.no Merk saka med «Høyring av Dalsfjorden marine verneområde».

Sakshandsamarar er seniorrådgjevar Maria Knagenhjelm (e-post fmsfmck@statsforvalteren.no). Vi gjer merksam på at Statsforvaltaren har ein offentleg postjournal og alle fråsegner blir registrerte her. Om ein har gitt innspel til oppstartsmeldinga og ikkje har meir å tilføre no når saka er ute til høyring, treng ein ikkje skrive ny uttale. Vi tek med oss alle innspel til oppstartsmeldinga vidare i prosessen, der dei vil bli handterte som høyringsfråsegn med mindre vi har fått ny uttale frå dykk.

Høyringsfristen for å kome med fråsegn til verneframlegget er sett til 22.04.2022.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg 1: Høringskart Dalsfjorden marine verneområde

Vedlegg 2: Framlegg til verneforskrift for Dalsfjorden marine verneområde

Vedlegg 3: Innkomne merknader og møtereferat



Mottakerliste:

Heidi Hæreid Berge	Sjøvegen 127	6977	Bygstad
Leif Ekehaug	Dalsfjordvegen 184	6977	BYGSTAD
FISKERI- OG HAVBRUKSNÆRINGENS FORSKNINGSFINANSIERING AS	Stenersgata 2A	0184	OSLO
NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
SJØFARTSDIREKTORATET	Postboks 2222	5509	HAUGESUND
RÅDGIVENDE BIOLOGER AS	Edvard Griegs vei 3	5059	BERGEN
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Hildur Kristina Laukeland	Laukelandsvegen 1205	6977	Bygstad
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Stian Kinn Kvamme	Kleiva 15	6906	Florø
Øistein Standnes	Laukelandsvegen 1083	6977	BYGSTAD
Johannes Berge	Sjøvegen 127	6977	BYGSTAD
Arnulf Dagfinn Åsnes	Ytre Åsnes 35	6969	Straumsnes
Jan Egil Jansson	Laukelandsvegen 1026	6977	BYGSTAD
AKVAPLAN-NIVA AS	Framsenteret Postboks 6606 Stakkevollan	9296	TROMSØ
FORTIDSMINNEFORENINGA SOGN OG FJORDANE AVD.	Øyragata 11	6887	LÆRDAL
NORGES PADLEFORBUND	c/o Norges Idrettsforbund	0840	OSLO
TRE VEST AS	Kårstad	6977	BYGSTAD
FRAMTIDEN I VÅRE HENDER	Økernveien 94	0579	OSLO
KALVÅG KYSTLAG	Postboks 23	6729	KALVÅG
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER



Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
GREENPEACE-NORGE	Postboks 33 Torshov	0412	OSLO
NOFIMA AS AVD BERGEN	Postboks 1425 Oasen	5844	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Sabima	Mariboës gate 8	0183	OSLO
Hallvard Norodd Hestad	Laukelandsvegen 1016	6977	Bygstad
Jan Erik S Søviknes	Dalsfjordvegen 1321	6963	Dale I Sunnfjord
Oddrun Matilde Standnes	Laukelandsvegen 1115	6977	Bygstad
Petter Strand	V/Harry Bodvar Myklebust, Vassdalen, 6963 Dale I Sunnfjord, Død		
SFE PRODUKSJON AS HOVEDKONTOR	c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
Harald Lervik	Sjøvegen 218	6977	BYGSTAD
Halleiv Standnes	V/Astri Mari Standnes, Trossevegen I Sunnfjord	6963	Dale
Per Norvald Nistad	Dalsfjordvegen 847	6963	DALE I SUNNFJORD
Hermod Nitter	Yksnebjørvegen 14	6963	Dale I Sunnfjord
Håvard Korsvoll	Dalsfjordvegen 729	6977	BYGSTAD
MILJØSTIFTELSEN BELLONA	Rådhusgata 28	0151	OSLO
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
NORSK BOTANISK FORENING	c/o Naturhistorisk museum Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Leif Jarle Bjørvik	Dalsfjordvegen 694	6977	Bygstad
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Dagny Oline Sagevik	Dalsfjordvegen 690	6977	Bygstad
BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN	Byrådsavdeling - BFNE 4. etasje Allehelgens gate 5	5016	BERGEN
Sør-Norges trålerlag			
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO



Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
John Ole Kleppe	Kleppe 107	6977	Bygstad
Jens Otto Hestad	Laukelandsvegen 790	6977	Bygstad
Rakel Kapstad	Barliveien 24	5142	Fyllingsdalen
NORGES SEILFORBUND	Ullevål Stadion	0840	OSLO
NORGES FISKARLAG	Postboks 1233 Torgarden	7462	TRONDHEIM
SOGN OG FJORDANE	Postboks 207	6852	SOGNDAL
SKJELDYRKARLAG			
SOGN OG FJORDANE RØDE KORS	Langebruvegen 28	6800	FØRDE
NTL/SIVILFORSVARET SØR- ØST NORGE	c/o Eli Kristin Madsen Grønligata 19D	3188	HORTEN
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
NORSKE	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
SJØMATBEDRIFTERS LANDSFORENING			
SØR-NORGES	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
NOTFISKARLAG			
FORSVARET	Postboks 800, Postmottak	2617	LILLEHAMMER
KINN KYSTLAG	Tuegata 5	6900	FLORØ
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
BKK AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Tino Bätz	Kapstad, Kappstad 15	6977	Bygstad
Irene Standnes	Gustav Vigelands Vei 54	0274	OSLO
Jana Bätz	Kapstad, Kappstad 15	6977	Bygstad
Arne Hestad	Laukelandsvegen 980	6977	BYGSTAD
Irene Berge Myklebust	Sjøvegen 115	6977	Bygstad
Atle Laukeland	Laukelandsvegen 1164	6977	Bygstad
Henrik Selberg Laukeland	Laukelandsvegen 1214	6977	Bygstad
Gunnar Haugsbø			
Nils Magne Myklebust	Sjøvegen 115	6977	Bygstad
ARTSDATABANKEN	PB 1058	7446	TRONDHEIM
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE



NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
FLORØ SEILFORENING	Postboks 339	6901	FLORØ
KONGELIG NORSK SEILFORENING	Huk aveny 1	0287	OSLO
NEMO CLASSIC DIVING AS	Postboks 141 Ytre Laksevåg	5848	BERGEN
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Kommunal- og moderniseringsdepartemen tet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Lars Petter Kapstad	Kappstad 47	6977	Bygstad
Atle Standnes	Paal Bergs Vei 34	1348	RYKKINN
Møyfrid Torill Hestad	Perhaugen 5	6977	Bygstad
Gunnar Hestad	Kappstad 65	6977	BYGSTAD
Knut Arne Laukeland	Laukelandsvegen 1219	6977	Bygstad
Helge Kårstad	Kårstad 33	6977	BYGSTAD
Odd Harry Fureli	Laukelandsvegen 1185	6977	Bygstad
Gunnvor Ragnhild Vie	Dalsfjordvegen 1061	6963	Dale I Sunnfjord
NORCONSULT AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
FISKEBÅT	Røysegata 15	6003	ÅLESUND
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	Brendøya	6900	FLORØ
SOGN OG FJORDANE GRUNNEIGAR OG SJØLAKSEFISKARLAG	c/o Inge-Kristian Husevåg Oldeide	6727	BREMANGER
Kjetil Kvamme	Prestegardsvegen 17	6973	SANDE I SUNNFJORD
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Tom Handal	Perhaugen 5	6977	Bygstad
Linn Terese Nyhamn Engvik	Sjøvegen 133	6977	Bygstad
ARIEL SEAFOOD AS	Postboks 111	6961	DALE I SUNNFJORD



AVINOR AS AVD FØRDE LUFTHAVN	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
Magne Dolve	Kappstad 25	6977	Bygstad
Johannes Bjørvik	Dalsfjordvegen 678	6977	BYGSTAD
Else Myhre	Myklabergtunet 5	4052	RØYNEBERG
Jens Norvald Sagevik	Bjørvikestølvegen 151	6963	Dale I Sunnfjord
Knut Berge	Sjøvegen 133	6977	Bygstad
KVERNEVIK ENGINEERING AS	Postboks 254	6821	SANDANE
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Are Sørensen Engelsrudstranda 49	1385	ASKER
FORBUNDET KYSTEN	Øvre Slottsgate 2B	0157	OSLO
Noralv Haugsbø	V/Gunnvor Haugsbø	6977	Bygstad
FLORØ	Postboks 422	6901	FLORØ
FROSKEMANNSKLUBB NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO VESTLANDET FLORØ	POSTBOKS 217	6901	FLORØ
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KONGELIG NORSK BÅTFORBUND	Frydenbergveien 46B	0575	OSLO
Taretrålfiskernes forening			
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM	Postboks 7800	5020	BERGEN
Oddvar John Kapstad			
Sindre Halsnes	Dalsfjordvegen 1009	6963	Dale I Sunnfjord
Anita Eide Kvamme	Prestegardsvegen 17	6973	Sande I Sunnfjord



Ola Kleppe	Dalsfjordvegen 1035	6963	DALE I SUNNFJORD
Leiv Arne Nistad	Dalsfjordvegen 861	6963	Dale I Sunnfjord
STRAND RESORT AS	Eggemoveien 199	3514	HØNEFOSS
Marit Selberg Jansson	Laukelandsvegen 1026	6977	Bygstad
SAGEVIKELV KRAFT AS	Bjørvikestølvegen 191	6977	BYGSTAD
Ander Haugsbø	Eidavegen 15	6977	Bygstad
Atle Helge Strand	Dalsfjordvegen 1285 A	6963	Dale I Sunnfjord
FJORDFISKERNES FORENING	Pollen	9531	KVALFJORD
SOGN & FJORDANE FISKARLAG	Postboks 173	6701	MÅLØY
NORGES IDRETTSFORBUND OG OLYPISKE OG PARALYMPISKE KOMITE	Postboks 5000	0840	OSLO
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde Angedalsvegen 639	6811	FØRDE
STIFTINGA VESTLANDSFORSKING	Postboks 163	6851	SOGNDAL
OLJEDIREKTORATET	Postboks 600	4003	STAVANGER
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
IMC DIVING AS	Postboks 61 Måseskjæret	5841	BERGEN
KYSTKULTURLAGET I VÅGSØY	c/o Kjell Magne Kvalheim Øvrevegen 185	6710	RAUDEBERG
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
OPPLYSNINGSVESENETS FOND	Postboks 535 Sentrum	0105	OSLO
Ruth Henny Strand	Dalsfjordvegen 1285 A	6963	Dale I Sunnfjord
Bjarne Sagevik			
Arild Ludvig Bjørvik	Dalsfjordvegen 658	6977	Bygstad